

Rettleiar til utfylling av uttale

Ved sykehus skal uttalen fyllast ut av ansvarlig leder der skaden blir hevda å ha skjedd. Send han deretter via sykehusets ledelse til NPE.

Les rettleiaren nøye før du fyller ut skjemaet

- Vi ber om at du skriv uttalen elektronisk. Skriv du for hand, skriv tydeleg. I uttalen skal du ta utgangspunkt i
 - informasjonen ein hadde om pasienten på behandlingstidspunktet
 - god medisinsk praksis på behandlingstidspunktet
- Unngå inntrykk av etterpåklokskap i vurderinga gjennom bruk av omgrep som retrospektivt, i ettertid m.m.
- Bruk eit lett forståeleg norsk språk. Hugs at pasienten skal lese og forstå vurderinga.

Rettleiar til dei seks punkta uttalen bør innehalde

1. Ta utgangspunkt i diagnostiseringa, behandlinga og skaden pasienten har klagt på.
2. Grei ut om eventuell behandlingsskade*, og årsaka til han.
3. Gi ei fagleg vurdering av behandlinga som blei gitt.
Vurder diagnostiseringa, indikasjonen for behandlinga, utføringa, oppfølginga og pasientinformasjonen. Ver tydeleg i vurderinga di av behandlinga som blei gitt.
Ved infeksjon: Korleis oppstod infeksjonen? Var det forhold ved pasienten som auka risikoen for infeksjon?
4. Dersom behandlinga ikkje blei utført i tråd med god medisinsk praksis: Kva har dette hatt å seie for den vidare gangen og sluttresultatet? Grei ut om kva som burde vore gjort annleis og når.
5. Vurder om behandlingsskaden mest sannsynleg vil kunne føre til ein varig medisinsk invaliditet, og eventuelt storleiken på meinet (**invaliditetstabellen**). Dersom dette fyrst kan vurderast seinare, ber vi om at du på bakgrunn av tilgjengeleg dokumentasjon

vurderer om behandlingsskaden mest sannsynleg vil føre til ein varig medisinsk invaliditet på minst 15 prosent.

6. Her ber vi om å få opplyst om det er skrive avviksmelding eller rapport om saka til internt skadeutval, Fylkesmannen, Nasjonalt kunnskapssenter for helsetenesta eller liknande. Vi ber i så fall om ein kopi.

***) Kva tyder omgrepet behandlingsskade?**

Med pasientskade/behandlingsskade meiner vi den fysiske og/eller psykiske skaden som har oppstått som følgje av behandlinga, uavhengig av om han skuldast svikt ved behandlinga. For å kunne seie at det ligg føre ein skade, må behandlinga ha ført til eit utilsikta resultat eller ein unødvendig komplikasjon for pasienten. Ein tilstand som er ei nødvendig eller tilsikta følgje av behandlinga er ingen pasientskade/behandlingsskade, t.d. eit vanleg arr på magen etter eit kirurgisk inngrep.